



ArkivsakID: 18/5
JournalpostID: 18/243
Dato: 25.04.2018

Møtereferat

Dato: 24.04.18
Tid: Kl. 10 00
Møteleiar: Astrid Eidsvik
Frammøtte: Til stades frå arbeidstakar-organisasjonane:

Laila Alvestad (Fagforbundet, Sandøy kommune)
Frank Harneshaug (Delta, Sandøy kommune)
Linn Jenny Morsund (NSF, Sandøy kommune)
Stein Inge Skogen (Utdanningsforb., Sandøy kommune)
Stig Meisal (Fagforbundet/HVO, Skodje kommune)
Ramona A. Pilskog (Delta, Skodje kommune)
Tove Kristensen (NSF, Skodje kommune)
Geir Lorentzen (Utdanningsforb., Skodje kommune)
Michael Werner, (Fagforbundet/HVO Ørskog kommune)
Geir Johan Skodje (Utdanningsforb., Ørskog kommune)
Cecilie Solli og Beate Furstrand (NITO, Ørskog kommune)
Randi Alvestad (Fagforbundet, Haram kommune)
Haldor Lillebø (Delta, Haram kommune)
Unni N. Krogsæter (Utdanningsforb., Haram kommune)
Lindis Dalebø (Fagforbundet, Ålesund kommune)
Hanne Tønning (Delta, Ålesund kommune)
Martha Trones (NSF, Ålesund kommune)
Jann Ove Ertresvåg (Utdanningsforb., Ålesund kommune)
Kristin Nonsvik (NITO, Ålesund kommune)

Til stades frå vernetenesta: Lars Marius Rindal, HVO Ålesund kommune

Til stades frå nye Ålesund kommune: Prosjektleiar Astrid Eidsvik og assisterande prosjektleiar Synnøve V. Synnes.
I tillegg møtte seniorrådgjevar Magne Karlsen (Ålesund kommune) som referent.

Mottakarar:
Arbeidstakarorganisasjonane

Referat frå drøftingsmøte 24. april 2018

24.04.18 vart det halde drøftingsmøte mellom arbeidstakarorganisasjonane og nye Ålesund kommune i Ålesund rådhus.

Drøftingsheimel: Hovudavtalen del B, § 1-4-1

Tema for drøftingsmøtet: Framlegg til politisk sak om overordna administrativ organisering i nye Ålesund kommune.

Astrid Eidsvik viste til drøftingssaka som vart sendt dei tillitsvalde før møtet. Ho viste til at det er kome 72 høyrings svar, og at det er gjort nokre endringar i forslaget til overordna organisering som



følgje av desse innspela. Ho gjorde i korte trekk greie for forslaget til politisk sak om «overordna administrativ organisering i nye Ålesund kommune».

Dei tillitsvalde i Ørskog kommune ga i korte trekk uttrykk for at forslaget til politisk sak om overordna administrativ organisering i nye Ålesund kommune er ei klar forbetring frå høyringsnotatet. Dei er nøgd med at det føreslåtte området helse og velferd er delt i to, og at skule, barnehage og PPT no er føreslått samla i eit kommunalområde Opplæring. Dei ga uttrykk for at forslaget verkar godt gjennomtenkt og at dei ikkje har vesentlege forslag til endringar. Dei stilte likevel spørsmål ved om oppgåva næringsutvikling burde omtalast meir eksplisitt i forslaget. Astrid Eidsvik viste til at næringsutvikling er tenkt organisert i stabsområde 4, men sa seg einig i at dette bør presiserast betre.

Dei tillitsvalde i Skodje kommune ga i korte trekk uttrykk for at dei er nøgd med at det no vert føreslått å dele området for helse og velferd i to kommunalområde. Dei stilte spørsmål ved plasseringa av kulturskolen i kommunalområde Kultur og medborgarskap, men ga samstundes uttrykk for at denne tenesta har ein fot i kvar leir. Dei ga uttrykk for at det vil bli viktig med eit godt samarbeid med kommunalområde Opplæring. Astrid Eidsvik viste til at høyringssvara var delte i synet på organisatorisk plassering av kulturskolen, og at det var argument for ulike organisatoriske plasseringar. Blant argumenta for å organisere kulturskolen i kommunalområde Kultur og medborgarskap er at dette er eit mindre område enn Oppvekst. Ho ga også uttrykk for at mange av oppgåvene vil bli søkt løyst i desentraliserte tilbod og at det såleis kan vere tenlig å organisere dei i kommunalområde Kultur og medborgarskap.

Dei tillitsvalde i Sandøy kommune ga i korte trekk uttrykk for at forslaget til politisk sak om overordna administrativ organisering i nye Ålesund kommune gir ei betre inndeling av kommunalområda, og at det er fornuftig å dele det føreslåtte området helse og velferd i to. Dei har også diskutert spørsmålet om organisatorisk plassering av kulturskolen. Dei sa at det er eit viktig poeng at kommunalområde Oppvekst er stort, og at kommunalområde Kultur og medborgarskap er mindre, og at dette er eit argument for at kulturskolen bør ligge i sistnemnte. Dei tillitsvalde stilte også spørsmål ved korleis leiing i stabane er tenkt. Astrid Eidsvik sa at det ikkje er tatt stilling til leiarstrukturen i stabane i detalj. Det er likevel naturleg å organisere nokre av stabsavdelingane i stabsområde, kor ein avdelingsleiar i stab har rapporteringslinje til ein stabssjef for eit område, som igjen har rapporteringslinje til rådmannen. Dette er naudsynt av omsyn til det skal vere eit overkommeleg leiar- og styrings spenn. Ei slik organisering vil gi ei rimelig kort styringslinje, og være ganske lik det mange leiarar av stabar og interne tenester er van med i dag. Avdelingsleiarar for fagstabar i kommunalområda kan rapportere til kommunalsjef, og nokre få andre fagstabar kan rapportere direkte til rådmann.

Dei tillitsvalde i Ålesund kommune ga i korte trekk uttrykk for at dei var positive til forslaget om å dele tenestene i helse og velferd i to kommunalområder. Dei sa at også dei har diskutert den organisatoriske plasseringa av kulturskolen. Dei stilte spørsmål ved den organisatoriske plasseringa av kommuneoverlegen i kommunalområde 1, og spurte om dei berre skal ha oppgåver i dette området. Det vart også stilt spørsmål om kor nokre av prosjekta, som til dømes velferdsteknologi med fleire, skal organiserast, kor reguleringssakar skal organiserast, kor grunnverv skal organiserast, kva organisering kemneren skal ha, om dagtilbod for demente, kvifor IKT drift er foreslått organisert i stab og kor servicetorga skal organiserast. Astrid Eidsvik sa at oppgåver som kommuneoverlege og miljøretta helsevern må få ei plassering i organisasjonen, men at vi i etterkant også må få på plass «på-tvers-tenkinga». Når det gjeld større prosjekt, vil det vere naturleg å organisere dei i stabsområde 4, men det vil også vere naturleg å vurdere organisering i eit kommunalområde dersom dei blir permanente tenester. Når det gjeld reguleringssaker er det naturleg å tenkje at større reguleringssaker organiserast i stabsområde 4, mens detaljregulering vert utført i kommunalområde Tekniske tenester. Kor grenseflata bør gå må ein detaljere i neste fase. Det

vil også vere naturleg at grunnverv organiserast i kommunalområde Tekniske tenester. Det er naudsynt å organisere stabsavdelingar i nokon større stabsområder. Det vert lagt til grunn at organiseringa av kemneren ikkje vil vere så ulik slik den er i dag, kor leiaren rapporterer til ein kommunalsjef som rapporterer til rådmannen. I forslaget er det lagt opp til at leiaren no skal rapportere til ein sjef for eit stabsområde. Organisering av dagtilbod for demente vil ein kome tilbake til. I tida framover vil det vere viktig å ha fokus på IKT utvikling. Både utvikling og drift bør organiserast i same stabsområde, men det kan vere aktuelt å dele dei inn i fleire stabsavdelingar. Organisering av servicetorga vil blir vurdert i samanheng med innbyggjartorga i kommunalområde Kultur og medborgarskap.

Dei tillitsvalde i Haram kommune ga i korte trekk uttrykk for at de var positive til forslaget om å dele tenestene i helse og velferd i to kommunalområder, og at dette forslaget er betre enn det som vart lagt fram i høyringsnotatet. Dei ga uttrykk for skepsis til en organisering i to styringsnivå, og dei er redd for at det kan bli for stort leiingsspenn. Dei sa at det kan vere lurt å vurdere hybridløysingar i kommunalområda dersom dette er praktisk tenlig. Astrid Eidsvik sa at det er ønskjeleg å ha ei organisering i to formelle styringsnivå av omsyn til korte avstandar frå tenesteleiarar til rådmann. Det betyr ikkje at ein vil sjå bort frå hybridløysingar, og at dette kan vere naudsynt i dei store kommunalområda. Ho sa også at ho meiner det er mest aktuelt å vurdere ei styrking av leiarressursar i form av assisterande kommunalsjefar.

Konklusjon:

Etter drøftingar konkluderte Astrid Eidsvik med at det ikkje har kome vesentlege innvendingar mot forslaget til politisk sak om overordna administrativ organisering i nye Ålesund kommune. Det har kome nokon mindre forslag til endringar og presiseringar, som ho vil vurdere i samband med saksframlegget til PSU og Fellesnemnda.

Referent:

Magne Karlsen

Synnøve Vasstrand Synnes
assisterande prosjektleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.